SIM nytt

1/2021

MARS • ÅRGANG 28

SIM

Informasjon frå
Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS



Ny merkeordning

Nasjonalt er det no lansert eit nytt, felles merkesystem for sortering og gjenvinning. Mange kommunar og verksemder har allereie teke dei nye merkene i bruk.

Les meir på side 2 og 3.

Ryddeaksjon

Les meir på side 4.

To nye, gode ordningar

Les meir på side 5.



KARTONG



GLASEMBALLASJE



MJUK PLASTEMBALLASJE



PAPP



PLASTEMBALLASJE



METALLEMBALLASJE



FARLEG AVFALL



MATAVFALL

Felles nasjonal merking

Nasjonalt er det no lansert eit nytt, felles merkesystem for sortering og gjenvinning. Mange kommunar og verksemder har allereie teke dei nye merkene i bruk.



Tydelegare og felles symbolbruk har vore etterlyst og er eit viktig grep for å gjera det lettare for alle å sortere rett. Tidlegare har det vore opp til kvar enkelt kommune å ta stilling til kva fargar ein skal nytte i kommunikasjonen til innbyggjarane, med det resultatet at ein har ulike fargar på merkene i heile landet, og på emballasje.

Den nye ordninga legg opp til at forbrukar skal kunne kjenne att merkene for kjeldesortering anten det er heime, på jobb, i det offentlege rom, på miljøsentralen eller på emballasje.

Felles farge- og symbolbruk nasjonalt er eit konkret tiltak som vil bidra til å nå måla om auka materialgjenvinning.

SIM-merking

For innbyggarane i SIM sitt område vil dette bety ei gradvis tilnærming til den nye ordninga. Ein vil fyrst ta i bruk dei nye symbola i trykksaker og på digitale flater. Etter kvart vil ein innføre det på miljøsentralane.





RESTAVFALL





ELEKTRONIKK

*Her er nokre dei nye nasjonale symbola, som ein etterkvart vil sjå i ulike samanhengar knytt til avfall og resirkulering. Sjå **sim.as/ditt-avfall** for komplett liste over nye merker.*

Den nye merkeordninga har du nok allereie sett på produkter du har i heimen, som til dømes på emballasjen for matvarer.





Spørsmål og svar

Er det nye reglar for sortering ?

Nei! Dei nye symbola får ingen praktisk endring for våre innbyggjarane, berre ei endring i fargar og symbolbruk

Kva er den største endringa?

For våre abonnentar er den største endringa at merket for bioavfall er grønt, merket for glas- og metallemballsje er grått og grønt og merket for plastemballasje er lilla.

Skal loka på biodunken og glas- og metalldunken skifte farge?

Nei. Desse skal ha dei same fargane, og same innhald. Det einaste ein treng tenkje på er at **merking av emballasjen** som høyrer til desse avfallstypane vil sjå slik ut:



Glasemballasje *Metallemballasje* *Matavfall*

Kostar det noko ekstra?

Nei.

Sjå fleire symbol/les meir:

Besøk **sortere.no/avfallssymboler** eller **sim.as/ditt-avfall**



Rydd Sunnhordland 2021

SIM har i mange år organisert ulike ryddetiltak for sunnhordlendingar som vil gjera ein dugnadsinnsats for den flotte naturen vår.

Korleis gjer du det?
Alle som vil rydda strender i SIM sitt område får utdelt sekker og får levera sekkene kostnadsfritt på ein av våre miljøsentralar, dersom dei melder seg på via våre nettsider. Etter påmelding får du tilbakemelding om aksjonen er godkjent og du kan hente og levere sekker på ein av våre miljøsentralar.

Gå inn på **sim.as**, og du vil finne påmeldingsskjema under *Meny > Skjema*.

Kven kan vera med?
Velforeiningar, burettslag og andre grupper av friviljuge som ynskjer å rydda område andre ikkje har plikt til å rydda etter forureiningslova. SIM set som krav at det vert oppført ein vaksen kontaktperson som står ansvarleg for ryddinga.

Kven kan IKKJE vera med?
- Offentlege etatar, medrekna alle kommunale einingar
- Næringsverksemder
- Arrangør av tilstelling



Døme på område som kan ryddast
- Strender som kommunen/friluftsråd ikkje har ryddeavtale for
- Buområde
- Nærområde
- Turstigar
- Skogsteigar

Kva kan kastast i sekkene?
Vanleg hushaldsavfall.

Merk: *Grovavfall, farleg avfall og elektrisk- og elektronisk avfall (EE) skal IKKJE i sekkene, men leverast til miljøsentralen på vanlege vilkår. Sjå* ***sim.as*** *for informasjon om farleg avfall og EE-avfall.*

Er det råd å få betaling for å rydda?
Nei. SIM sitt bidrag er å ta imot avfallet og dekka kostnadene med etterbehandling av det. Du kan søkje Hold Norge Rent om refusjon for kostnadar knytt til ryddinga.

Les meir om dette på:
https://holdnorgerent.no/kunnskapsartikkel/refusjonsordningen-fa-pengene-tilbake-for-ryddeaksjonen

Kva seier forureiningslova om ryddeansvar?
Eit av hovudprinsippa i forureiningslova er at det er den som produserer avfallet som skal betala for avfallsbehandlinga. Lova slår vidare fast at det er *vegeigar* som har ansvar for rydding langs veg. Den som driv *daglegvarehandel, kiosk, bensinstasjon* eller liknande skal setja opp boskorger på sitt område, sørgja for at dei vert tømde og elles halda området ryddig. *Arrangør av tilstelling eller stemne* skal sørgja for opprydding etter arrangementet.

Dersom ikkje andre eigarar/etatar har ansvar for det, skal *kommunen* setja opp boskorger på utfartsstader og andre sterkt besøkte offentlege stader. Den som har ansvar for å setja opp boskorgene, skal også tømma dei og sørgja for at området er ryddig.

Usikker?
Dersom du er usikker på om ditt tiltak kjem inn under retningslinene for ryddeaksjonen, ta kontakt med SIM.

To nye, gode ordningar

Dei siste åra har SIM innført to nye henteordningar. Desse har blitt godt mottekne av abonnentane. SIM har fått auke i utsortering av plastemballasje og glas- og metallemballasje. Dette er ressursar som elles hadde gått til energigjenvinning, men som no kan gå til matertialgjenvinning.

Kvaliteten på det våre abonnentar sorterer ut er som regel svært god. Innbyggjarane i Sunnhordland er flinke til å sortere rett, men ein kan òg bli betre på nokre områder. Særleg gjeld dette skilje mellom kva som er glas- og metallemballasje, og kva som ikkje er emballasje av glas eller metall.

Nøkkelordet er: **Mat og drikke**

Hovudregelen er at dersom det var mat og drikke i glas- eller metallemballasjen då du kjøpte den, kan du kaste den i dunken.

Det andre, som glaset og metallet som ikkje er emballasje, skal kastast på miljøsentralen. Små mengder kan kastast i restavfallet.

SLIK GJER DU DET:

Glasemballasje

- Når syltetøyglasset, eller andre matglass, er tomme fyller du det halvfullt med kaldt vann, skur på loket og ristar for å fjerne mest mogeleg restar. Du kan eventuelt ta ein sveip med oppvaskbørsten.
- Skru av loket igjen og rist glasset drypptørt. Det går greit om det er eit tynt fettlag igjen, som for eksempel i olivenoljeflasken.
- Etiketten kan sitje på når du sorterer, og du treng ikke skru på lokket igjen.
- Dersom emballasjen er veldig tilgrisa er det betre å kaste den i restavfallet.
- Glass som ikke er emballasje, keramikk, porselen og steintøy kan du kaste i restavfallet. Pakk det godt inn slik at dei som handterar avfallet ikkje skadar seg. Større gjenstandar skal levarast på miljøsentralen.

Metallemballasje

- Aluminiumsform, makrell i tomatboks eller andre hermetikkboksar:
- Skrap ut eventuelle restar, skylj forma i kaldt vatn og rist den drypptørr.
- Er aluminiumsforma veldig tilgrisa, kan du la den stå i litt vatn til innhaldet løyser seg opp, eller bruk litt tørkepapir for å få ut restane.
- Det viktigaste er at du får bort matrestane, det går greit om det er eit tynt fettlag igjen i emballasjen.
- Dersom emballasjen er veldig tilgrisa er det betre å kaste den i restavfallet.



Plastmeballasje

- Emballasjen er rein nok når den er tom for produktrestar. Det betyr at det ikkje skal ligge igjen matrestar. Stort sett er emballasjen rein når den er tom. Av og til treng den litt hjelp. Då er det best å skylle emballasjen i kaldt vatn, eller bruke litt tørkepapir for å få ut restene. Må du bruke varmt vatn for å få den rein, er det betre å kaste den i restavfallet.
- Tom for sekker til plastemballasje? Renovatøren legg ein ny rull med sekker til deg dersom du knyter ein tom sekk på handtaket til *papirdunken*.





Søk midlar frå SIM sitt miljøfond

I 2014 selde SIM dotterselskapet SIM Næring. Det vart vedteke i representantskapet at ein skulle opprette eit miljøfond.

SIM sitt miljøfond skal gå til tiltak som på ulikt vis gjev betre miljø for innbyggjarane i eigarkommunane til selskapet. Miljø er summen av alle faktorar som menneska er omgjevne og påverka av. Alle kan søkja midlar frå fondet.

Årleg søknadsfrist: 31. desember.

Les meir og søk på
sim.as/miljofond

Hyttekonteinar for hyttefolk!

Fastbuande og dei som driv med utleigehytter/leiligheter skal ikkje nytta hyttekonteinaren. Dei skal ha dunkar som for fastbuande.

SIM opplever til tider at returpunkta for hytteeigarar vert misbrukt.



FORBOD



Hugs gjennomsiktige sekker

SIM innførte krav om levering av avfall i gjennomsiktige sekker på våre miljøsentralar frå 1.1.21. Bakgrunnen er at ein veit at terskelen for å kaste miljøfarleg- eller brannfarleg avfall i ein svart sekk er lågare enn i ein gjennomsiktig sekk.

Dette er avfall som inneheld miljøgifter, og som skal leverast som farleg avfall eller EE-avfall til eit godkjent mottak. I tillegg er det avfall som kan sjølvantenne og som dermed utgjer ein brannfare, både i dunken ved huset ditt heime, og i våre avfallsanlegg.

Kva konsekvensar har dette for meg som kunde?
Ikkje anna enn at du i staden for å bruke svarte sekker til å levere restavfallet i, så må du bruke blanke sekker.

Kan eg bruke SIM sine sekker for plastemballasje?
Nei. Desse sekkene er berre for plastemballasje. Dersom SIM skal dele ut sekker til alle vil det medføre ein ekstra kostnad for abonnentane.

Kva gjer eg dersom eg kjem på miljøsentralen med svart sekk?
Då kan du anten opne sekken/sekkene og sortere direkte i konteinar, eller du kan køyre heim og pakke om avfallet.

Kvar får eg tak i slike sekker?
Desse kan du kjøpe på våre miljøsentralar (kr 30 per rull). Det er òg fleire butikkar som sel slike. Dei treng ikkje ha SIM merking på.

Vår og ryddetid!

Våren er ryddetid for mange, og miljøsentralane våre er igjen klare til å ta imot ditt avfall!

På miljøsentralen kan du levera alt du ikkje har lov til, eller plass til, å kaste i dunken heime. Kanskje du har pussa opp i løpet av hausten/vinteren? Då vil nok mykje av det du har til overs vera avfall som ikkje kan kastast i dunken.

Det kan vera EE-avfall, farleg avfall, brennbart og ikkje-brennbart restavfall, tekstilar og klede, gips, alt av metall, papp og papir, trevirke, hageavfall.

Både privatpersonar og verksemder pliktar å levera farlege avfall til godkjent mottak, og i vårt område er det SIM sine miljøsentralar. Privatpersonar kan levera måling, olje, lim, lakk og andre typar farleg avfall kostnadsfritt, verksemder betalar etter volum (m^3) eller etter vekta på avfallet.

Hugs òg at kasserte elektriske og elektroniske produkt (EE-avfall) også skal leverast til miljøsentralen, eller til stader som sel tilsvarande produkt.



Mykje besøk på miljøsentralen.

Visste du at?

SIM har ein eigen app som varslar deg kva dunk som skal ut kva tid. Du kan laste den ned gratis ved å søkja på «SIM tømmekalender» i **Google Play™** eller **App Store®**.

Last ned frå App Store | TILGJENGELEG PÅ Google Play

Dunken må ikkje fyllast så mykje at du ikkje få igjen loket. Då vert det forsøpla kring dunken, noko som trekkjer til seg skadedyr som fugl og rotter.

Ved alle våre miljøsentralar ynskjer me at ein skal betale med kort eller Vipps.

SIM har fått ny mottakar av tekstilar, og no er det berre heile og brukande tekstilar eller sko som kan leverast til SIM. Les meir på **sim.as**.

Det kan ta opptil fem veker frå du har bestilt ny bosdunk til du får den heim. Årsaka er at SIM køyrer «oppsamlingsheat» med utdeling av bosdunkar i kvar kommune kvar femte veke. Dersom du tykkjer det vert for lenge å venta på dunken, kan du henta ny sjølv på miljøsentralen. I så fall må du melda frå til SIM på førehand.

Dunken skal tilbake til oppstillingsplassen etter tøming.

Dersom dunken dun ikkje er tømt kan du ringe **95 25 35 15**.

Leig konteinar hos oss

Har du mykje avfall som skulle vore levert på miljøsentralen?

Hos oss kan alle som betalar renovasjonsgebyr i Sunnhordland få leiga konteinarar til fastpris.

Leiga er 5400 kroner for fire dagars bruk av ein 10 m^3 konteinar, og summen inkluderer då utkøyring og innhenting – samt leveringa av avfallet.

Prisen er den same i alle SIM-kommunane, uansett kor sentralt eller grisgrendt du bur, så lenge vegen er køyrbar for stor lastebil.



SENDAR:
Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS
Meatjønnsvegen 43
N-5412 Stord

OFFENTLEG INFORMASJON

zprint – Trykt på miljøvennleg papir.

Kompostjord og plenblanding til hagen

Kompostjord og plenblanding kan heile året kjøpast på SIM sine miljøsentralar, med atterhald om at me kan gå tom i periodar.

Kompostjorda kan nyttast på jordbruksareal, i parkar og private hagar, men bør blandast med anna mold før planting. Plenblandinga, derimot, kan du så direkte i utan å blanda inn anna jord. Den består av halvt om halvt med kompostjord og sand.

Prisen er 450, kroner per m³/tonn, inkludert lessing.

Næringsverksemder som ynskjer å kjøpe kompostjord eller plenblanding lyt gjera dette i Svartasmoget, Fitjar.



Representantskapsmøte

Representantskapet er øvste organ i SIM, og det er sett saman av 23 medlemer, delt på dei sju eigarkommunane etter folketal. Medlemene kjem saman ein gong kvart år, og i 2021 skal dei møtast fredag 30.april. Saker som skal opp på møtet kan ein få ved å ta kontakt med SIM.

SIM

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

Meatjønnsvegen 43
N-5412 Stord
Telefon: 53 45 78 50

E-post: sim@sim.as
Nettstad: www.sim.as

OPNINGSTIDER MILJØSENTRALANE*

**Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.*

AUSTEVOLL, PORSDALEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00
Perioden 1. april–30. sept.:
Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00-14.00.
Perioden 1. okt.–31. mars.:
Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

BØMLO, HOLLUNDSDALEN

Måndag og onsdag kl. 11.00-18.00
Tysdag og torsdag kl. 09.00-16.00
Perioden 1. april–30. sept.:
Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00-14.00
Perioden 1. okt.–31. mars:
Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

FITJAR, SVARTASMOGET

Måndag kl. 10.00-18.00

KVINNHERAD, HUSNES INDUSTRIOMRÅDE

Måndag, onsdag og torsdag kl. 12.00-18.00.
Tysdag kl. 09.00-14.00
Perioden 1. april–30. sept.:
Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00-14.00
Perioden 1. okt.–31. mars:
Første laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

STORD, HEIANE MILJØSENTRAL

Måndag–torsdag kl. 09.00–18.00
Fredag kl 09.00–15.00
Laurdag kl. 09.00–14.00

SVEIO, SVEIÅSEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00

TYSNES, EREDALEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00
Perioden 1. april–30. sept.:
Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00-14.00.
Perioden 1. okt.–31. mars:
Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00